

-1945

105254

MAGNE SKODVIN

Trondheimsavtalen 1940

Denne avtalen vart underskreven den 10. juni 1940, på Hotell Britannia i Trondheim. Frå tysk side underskreiv oberst Erich Buschenhagen, som var stabssjef hjå general Nikolaus von Faltenhorst. Den norske underparter var oberst Ragnvald Kjøllhaugen, som var sjef for den norske overkommandoen. Samstundes vart det underskreve ein annan avtale i Narvik-området, på Bjørnefjell. Norsk forhandlar der var oberstløytnant Harald Wrede Holm.

Det har kome fram to ulike tolkingar av Trondheimsavtalen, med små variantar på begge sider. Den eine går ut på at Trondheimsavtalen inneheld kapulasjonsvilkår for dei norske styrkane som stod att under våpen i Nord-Noreg, då Konge og Regjering reiste frå Tromsø for å ta sete i Storbritannia og føra krigen vidare derifrå. Trondheimsavtalen var ein regional kapulasjon. Noreg som stat var framleis i krig med Tyskland.

Den andre går ut på at ved Trondheimsavtalen kapitulerte den norske stat. Dermed var det slutt på krigstilstanden mellom Tyskland og Noreg. Trondheimsavtalen var ein total norsk kapulasjon. Krigen mellom Vestmaktene og Det tredje rike måtte gå vidare utan norsk medverking.

Diskusjonen om innhaldet og omfanget av Trondheimsavtalen har kome opp mange gonger etter 1945, ofte i bitre former. Det heng sjølv sagt saman med at spørsmålet også gjeld sjølve grunnlaget for lovgjevinga om landssvik, og for dei rettssakene som fylgde av den. Dersom krigstilstanden mellom Tyskland og Noreg var slutt den 10. juni 1940, så var Tyskland ikkje lenger Noregs fiende i folkerettsleg meining. I så fall kunne ingen straffast etter paragraf 86 i straffelova, for den handlar om dei som «rettsstridig . . . yter fienden bistand i råd og dåd». Var der ingen

